



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Thon Hotel Jølster, Skei i Jølster
Møtedato	13.11.2019
Kl.	10:00 – 14.00

Faste medlemmer til stades:

Erlend Haugen Herstad

Odd Atle Stegegjerdet

Bente Underthun

Anita Æsøy

Magnus Strand

Forfall til møtet:

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet:

Frank Tore Farsund Tveit

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå møtet 16.09.2019 vart underskriven.

SAK 11/19 Årsmelding 2019 - fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne

VEDTAK:

1. Årsmelding 2019 vert godkjend
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere melding i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møte den 13. november 2019.
3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmelding tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Tilleggssak – Innspel knytt til TT-ordninga i Vestland fylkeskommune

I møtet vart det av fylkesrådet fremja ynskje om å sende ein uttale til ei sak som ikkje stod på saklista i utgangspunktet:

Innspel knytt til endringar i TT-ordninga (Tilrettelagd transport) i Vestland fylkeskommune

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane er blitt gjort merksame på at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune i budsjettforslaget for Vestland fylkeskommune i 2020, som var oppe i finansutvalet i nye Vestland fylkeskommune 24. oktober, har føreslått å kutte i ordninga med arbeidsreiser for TT-brukarar.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber utvalssekretær sende følgjande uttale til sekretariat for **Fylkesutvalet** i Vestland fylkeskommune, **Hovudutvalet for mobilitet og kollektivtransport** i Vestland fylkeskommune, samt **Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne** i Vestland fylkeskommune:

«Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne for Sogn og Fjordane, rår fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune til å gjere ei nøye vurdering på kven bortfall av «TT-arbeidsreiseordninga» vil ramme, før Vestland eventuelt vedtar å kutte ordninga. Det bør i så fall og sjåast på om det kan gjerast kompensierende tiltak for brukarane som t.d. offentleg transport tilbod som sikrar at arbeidstakarar med funksjonsnedsetting kjem seg til og frå jobb på ein god måte.»